



Jobbnorge-ID: 114983

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i molekylær parasittologi - Jernmetabolisme

Ved Institutt for biologi (www.uib.no/bio) er det ledig ei stilling som stipendiat i molekylær parasittologi. Stillinga er for ein åremålsperiode på 4 år, knytt til Sea Lice Research Centre (www.slrc.no/). Sea Lice Research Centre (SLRC) er eit Senter for Forskingsbasert Innovasjon (SFI) som er etablert via Forskingsrådet.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

SLRC har som mål å vere internasjonalt leiande i forskning for å utvikle nye metodar for å kontrollere lakselus. Senteret har tre akademiske partnerar og fem industripartnerar, og totalt er det om lag 40 personar som arbeider ved senteret. Forskinga ved senteret er organisert i 6 ulike arbeidspakkar og vertsinstitusjon er Universitetet i Bergen.

Stillinga er knytt til delen av senteret som arbeider med molekylær parasittologi. Her er fokus å auke kunnskapen om biologien til lakselus med bruk av molekylære metodar for å finne nye mål som kan nyttast til kontroll av lakselus.

Jernmetabolisme i lakselus

Mål for ph.d.-prosjektet er å få kunnskap om mekanismar for regulering av jern og hemprotein for å utvikle nye strategiar for parasittkontroll.

Mengdene av jern i dyr er nøye regulert sidan jern er essensielt for ei rekke metabolske funksjonar. Samtidig er jern i for store mengder toksisk. Regulering av jernmengder i lakselus er ytterlegare komplisert sidan dyret lever på ein diett (blod) med høgt innhald av jern. Det er også nyleg vist at jern kan spele ei rolle i fisken sitt forsvar mot denne parasitten. Prosjektet vil omfatte kartlegging av relevante genar som er involvert i jernmetabolisme med omsyn til uttrykkingsmønster. Målretta utslåing av gen med bruk av RNA interferens i lakselusen vil verte brukt til å evaluere effekt på jernmengder i tillegg til effekt på interaksjon mellom lus og ulike typar laks. Den som vert tilsett må forvente noko reiseaktivitet og kortare opphald (3-6 månader) hjå internasjonale samarbeidspartnerar.

Vi søkjar motiverte og hardtarbeidande kandidatar med entusiasme for forskning.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i biologi, molekylærbiologi, fiskehelse eller eit anna relevant fagfelt, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Røynsle med eksperimentelle studiar og bruk av molekylærbiologiske metodar er naudsynt
- Røynsle frå arbeid med lakselus eller andre evertebratar er ein føremon
- Gode kommunikasjonsevner skriftleg og munnleg på engelsk er eit krav
- Arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.

Om stipendiatstillinga

Samla stipendperiode er 4 år, der 25 % av tida er pliktarbeid, knytt til forskning, undervisning og formidling. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.- studiet ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- arbeid i eit moderne laboratorium med mangfaldig forskning
- tilknytning til eit fagleg godt og velfungerande forskingsprogram
- løn etter lønnssteg 50 ved tilsetjing (kode 1017). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga ved SLRC (maksimalt 1 side)
- namn og kontaktopplysningar til to referansar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve
- CV
- karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert

- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste), inkludert innsendte manuskript

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge.

Søknadsfrist: 23. juni 2015

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til senterleiar professor Frank Nilsen, (frank.nilsen@uib.no, tlf. 55 58 25 36) eller professor Rune Male (rune.male@uib.no, tlf. 55 58 45 16). Ytterlegare opplysningar om senteret kan ein finne på www.slrc.no/.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: